



MØTEBOK 07/26

PLAN- OG MILJØUTVALET

Møtedato: 25.06.2026**Møtetid:**

Kl. 08:30 - 14:00

Møtestad: Sula rådhus, 1. etg**Saksnr.:**

057/26 – 066/26

Følgjande medlem møtte

Jim Arve Røssevoll

Karoline Antonie Slinning

Øystein Båtnes

Jan Arne Sletta

Jan Magnar Sandvik

Parti

AP

AP

FRP

H

SUL

Forfall meldt frå følgjande medl.

Natalia Øvstegård

Parti

FRP

Sissel Andersen

FRP

Følgjande varamedlem møtteBjørn Kristian Blomvik
Eikrem

Kjell Petter Dyb

Parti

FRP

FRP

Møteleiar:	Øystein Båtnes
Frå administrasjonen:	Kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen, fungerande einingsleiar Terje Havnegjerde, rådgivar Karina Vestrheim, Kommunalsjef Torry Larsen, politisk sekretariat Anne Lise Engkrog Salen
Innkalling:	Innkalling med sakliste er sendt ut på førehand. Saksdokument til møtet har vore tilgjengelege for politikarane på møteportalen (https://sula.acosky.no/moteportal) og for publikum på Sula kommune si heimeside. Innkallinga vart godkjent
Sakliste:	Ok
Utlevert i møtet:	-
Diverse:	Møtet vart ikkje streama då det var problem å få til dette.

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
057/26	Godkjenning av møtebok nr. 06/26	
058/26	Reguleringsplan Heidesletta	
059/26	Gnr 97 bnr 5 m.fl. Detaljregulering for Karlgården i Havnegjerde - 1. gongs offentlig ettersyn	
060/26	Gnr 113 bnr 88 - Dispensasjonsvurdering - Utnyttelse og krav til regulering	
061/26	Gnr 94 bnr 441 - fnr 35 - Ny hytte på etablert festepunkt - Dispensasjon	
062/26	Motorferdsel i utmark og vassdrag	
063/26	Søknad om generell tillatelse til kjøring med ATV i utmark i Sula Kommune.	
064/26	Delegerte saker	
065/26	Eventuelt - spørsmål - orienteringar	
066/26	Arbeidsmøte Arealplan	

057/26: Godkjenning av møtebok nr. 06/26

Møteboka blir godkjent.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 25.06.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 057/26 Vedtak:

Møteboka blir godkjent.

058/26: Reguleringsplan Heidesletta

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula plan- og miljøutval finn ikkje å kunne godkjenne planforslaget slik det er innsendt. Dersom planen skal kunne leggst fram for sluttbehandling med sikte på godkjenning må plankart og føresegner endrast slik det går fram av punkta under..

- Plankartet må reviderast i samsvar med kommunens forslag til løysing for fortau og vegsystem for Årgjerdet og Heidevegen.
- Turveg må justerast mot vest for å betre siktforholda i kryss til vegen Årgjerdet.
- Føresegner må endrast i punkt 3.7, 5.4. og 8.4.
- Planomtalen må reviderast i samsvar med endringane,

Behandling i Plan- og miljøutvalet 25.06.2026

Saka vart drøfta.

Ein del vedlegg var ikkje lagt ved i saka og ettersendt dagen før møtedato.

Fleire meinte at det vart for kort frist til å gjere vedtak i saka.

Fellesforslag utarbeidd i møte:

Saka blir utsett til neste møte i utvalet. Vedlegga bør ligge ved i saka.

PM - 058/26 Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte i utvalet. Vedlegga bør ligge ved i saka.

059/26: Gnr 97 bnr 5 m.fl. Detaljregulering for Karlgarden i Havnegjerde - 1. gongs offentlig ettersyn

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-10 og -11 vedtek Plan- og miljøutvalet å legge forslag til "Reguleringsplan for Karl garden på Havnegjerde" - planID 2021000921 - ut til 1 gongs høyring og offentleg ettersyn i 6 veker. Plankart, og planomtale sist revidert 22.08.25. Planføresegner revidert 04.11.25. Det er innarbeida rekkefølgjekrav for samleveg o_KV1 med start frå sørvest, og renovasjonsteknisk plan er gjort bindande.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 25.06.2026

Saka vart drøfta og spørsmål vart svart ut.

I påvente av prinsippsak om vegføring frå/i planområdet kjem til behandling vel kommunedirektøren å trekke saka.

KD trekker saka i dette møte.

PM - 059/26 Vedtak:

Kommunedirektøren trekker saka frå sakslista i påvente av prinsippsak om vegføring frå/i planområdet kjem til behandling..

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Saka vart drøfta

Fellesforslag utarbeidd i møte:

Saka blir utsett til neste møte i utvalet. Plan- og miljøutvalet ønsker at Fylkeskommunen kjem på synfaring vedr. vegløyning.

Ved avstemming sette ein kommunedirektøren si innstilling opp mot fellesforslag utarbeidd i møte. Fellesforslaget vart samrøystes vedtatt.

PM - 034/26 Vedtak:

Saka blir utsett til neste møte i utvalet. Plan- og miljøutvalet ønsker at Fylkeskommunen kjem på synfaring vedr. vegløyning.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 16.12.2025

Følgande fellesforslag vart sett fram:

Saka vert utsett, jf. sak 072/25.

Fellesforslaget vart samrøystes vedtatt.

PM - 073/25 Vedtak:

Saka vert utsett, jf. sak 072/25.

060/26: Gnr 113 bnr 88 - Dispensasjonsvurdering - Utnyttelse og krav til regulering

Kommunedirektøren si innstilling:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 innvilgar Plan og miljøutvalet dispensasjon frå kommuneplanen sitt krav om regulering.

Grunngjeving: Eigedomen ligg i eit delvis etablert bustadområde med eksisterande infrastruktur og tilkomst. Det er i dag ein bustad på eigedomen som skal rivast og erstattast med ny bustad, og tiltaket medfører ikkje endra arealbruk.

Omsyna bak plankravet, som heilskapleg utvikling av området, koordinering av infrastruktur og trafikktryggleik, vert i avgrensa grad tilsidesette i denne saka. Tiltaket vurderast ikkje å vere til hinder for framtidig planlegging av området.

Fordelane ved å gi dispensasjon vert etter ei samla vurdering større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 avslår plan og miljøutvalet dispensasjon frå kommuneplanen § 2.2.1 om maksimal utnytting (30 % BYA), då omsøkt utnytting er 32,2 % BYA.

Grunngjeving: Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsverktøy for arealbruk, og fastsett maksimal utnytting på 30 % BYA utgjør ei tydeleg, politisk vedteken ramme for småhusbebyggelse i kommunen.

Sjølv om overskridinga i den konkrete saka er avgrensa, vil ein dispensasjon frå ei slik overordna grense svekke planen si styringseffekt og bidra til uforutsigbar praksis. Omsynet til føreseieleg arealforvaltning og likebehandling tilseier difor ein restriktiv dispensasjonspraksis.

Omsøkt tiltak har ein utnyttingsgrad på om lag 32,2 % BYA, og overskrid såleis kommuneplanen si øvre grense.

Føreseigna om maksimal utnytting skal sikre tilstrekkeleg uteareal, gode lys- og solforhold og ei balansert utbygging i bustadområde.

Tiltaket sin storleik medfører at eigedomen vert utnytta utover dei planmessige rammene, og samla vurdering tilseier at vilkåra for dispensasjon ikkje er oppfylte. Det er lagt vekt på at tiltaket elles har positive kvalitetar. Bustaden vil framstå med lågare volum og vere godt tilpassa omgjevnadene, utan vesentleg negativ påverknad for naboar.

Trass i dette vert det vurdert at omsynet bak føreseigna vert vesentleg tilsidesett dersom det blir gitt dispensasjon. Vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er dermed ikkje oppfylte.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 25.06.2026

Jan Magnar Sandvik (SUL) er grunneigar i området og ber om å få vurdert sin habilitet.

Jan Magnar blir vurdert inhabil og trer frå møtet. § 6.

Det er no 6 voterende i utvalet.

Saka vart drøfta og spørsmål vart svart ut.

Forslag frå Øystein Båtnes (FRP)

Støtter KD si innstilling i del 1, men fremmer forslag om endring i del 2 (innstillinga om dispensasjon frå kommuneplanen § 2.2.1 om maksimal utnytting (30 % BYA), då omsøkt utnytting er 32,2 % BYA.)

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 **gir** plan og miljøutvalet dispensasjon frå kommuneplanen § 2.2.1 om maksimal utnytting (30 % BYA), då omsøkt utnytting er 32,2 % BYA.

Grunngjeving:

Bustaden er planlagt i eitt plan med ei kompakt utforming, og vil framstå som mindre ruvende enn eksisterande bustad. Overskridinga vurderast ikkje å påverke solforhold, estetikk eller nabotilhøve negativt. Ein del av utnyttinga skuldast overbygde uteareal som må reknast med i BYA, og at reelt bebygd fotavtrykk ligg nærare kommuneplanen si ramme.

Eigedomen har tilstrekkeleg uteopphaldsareal, og tiltaket vil ikkje medføre auka belastning på infrastruktur.

Plan og miljøutvalet vurderer samla sett at omsyna bak føresegna om maksimal utnytting ikkje vert vesentleg tilsidesette, og at fordelane ved tiltaket – mellom anna betre tilpassing til terreng, moderne bustadløysing og redusert volum samanlikna med eksisterande bygg – er større enn ulempene.

Øystein Båtnes (FRP) sitt forslag vart satt opp mot K-direktøren si innstilling.

Øystein Båtnes (FRP) sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

Jan Magnar Sandvik (SUL) trer inn i møtet igjen.

PM - 060/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 **innvilgar** Plan og miljøutvalet dispensasjon frå kommuneplanen sitt krav om regulering.

Grunngjeving: Eigedomen ligg i eit delvis etablert bustadområde med eksisterande infrastruktur og tilkomst. Det er i dag ein bustad på eigedomen som skal rivast og erstattast med ny bustad, og tiltaket medfører ikkje endra arealbruk.

Omsyna bak plankravet, som heilskapleg utvikling av området, koordinering av infrastruktur og trafikktryggleik, vert i avgrensa grad tilsidesette i denne saka. Tiltaket vurderast ikkje å vere til hinder for framtidig planlegging av området.

Fordelane ved å gi dispensasjon vert etter ei samla vurdering større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 **gir** plan og miljøutvalet dispensasjon frå kommuneplanen § 2.2.1 om maksimal utnytting (30 % BYA), då omsøkt utnytting er 32,2 % BYA.

Grunngjeving:

Bustaden er planlagt i eitt plan med ei kompakt utforming, og vil framstå som mindre ruvande enn eksisterande bustad. Overskridinga vurderast ikkje å påverke solforhold, estetikk eller nabotilhøve negativt. Ein del av utnyttinga skuldast overbygde uteareal som må reknast med i BYA, og at reelt bebygd fotavtrykk ligg nærare kommuneplanen si ramme.

Eigedomen har tilstrekkeleg uteopphaldsareal, og tiltaket vil ikkje medføre auka belastning på infrastruktur.

Plan og miljøutvalet vurderer samla sett at omsyna bak føresegna om maksimal utnytting ikkje vert vesentleg tilsidesette, og at fordelane ved tiltaket – mellom anna betre tilpassing til terreng, moderne bustadløyising og redusert volum samanlikna med eksisterande bygg – er større enn ulempene.

061/26: Gnr 94 bnr 441 - fnr 35 - Ny hytte på etablert festepunkt - Dispensasjon

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) gir Plan -og Miljøutvalet løyve til omsøkte tiltak på eigedom gnr. 94 bnr. 441 fnr. 35 på Sulafjellet. Dette jf. ei eitt-trinns søknadsbehandling jf. pbl § 20-4.

Følgande vilkår skal vere sikra:

- Motorferdsel i utmark, bruk av helikopter eller annan motorisert frakting er søknadspliktig. Slikt løyve om motorferdsel skal vere godkjent av Sula kommune, før slik ferdsel blir oppstarta.
- Rein natur. Hytta er planlagt med forbrenningstoalett, utan innlagt vatn. Renovasjon skal vektleggast, der ureint vatn kun skal tømast via synkebrønn eller infiltrasjonsgrøft. Dette skal gjerast i god avstand - utan risiko for tilsig til ferskvatn og elv.

Dispensasjon:

Med heimel i pbl. § 19-1 blir det søkt om dispensasjon frå føresegn 5 arealplanen (KMP) som seier at det ikkje skal tillatast nye byggetiltak i LNF-område. Jf. pbl. § 19-2 blir omsøkte dispensasjon for tiltaket godkjent.

Grunngjeving:

Tiltaket vil bety ei ny erstattande hytte på eit allereie bebygd festepunkt. Forutan ei lita redskapsbod vil både fotavtrykk og hytteplassering forbli uendra. Hytta vil ha tilkomst via etablert opptåraka tursti. Tiltaket vil gi minimalt inngrep på naturmangfold.

Jf. pbl. § 33-1 skal det betalast saksbehandlingsgebyr, jamfør kommunens gjeldande gebyrregulativ.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 25.06.2026

Saka vart drøfta og spørsmål vart svart ut.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 061/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) gir Plan -og Miljøutvalet løyve til omsøkte tiltak på eigedom gnr. 94 bnr. 441 fnr. 35 på Sulafjellet. Dette jf. ei eitt-trinns søknadsbehandling jf. pbl § 20-4.

Følgande vilkår skal vere sikra:

- Motorferdsel i utmark, bruk av helikopter eller annan motorisert frakting er søknadspliktig. Slikt løyve om motorferdsel skal vere godkjent av Sula kommune, før slik ferdsel blir oppstarta.
- Rein natur. Hytta er planlagt med forbrenningstolett, utan innlagt vatn. Renovasjon skal vektleggast, der ureint vatn kun skal tømast via synkebrønn eller infiltrasjonsgrøft. Dette skal gjerast i god avstand - utan risiko for tilsig til ferskvatn og elv.

Dispensasjon:

Med heimel i pbl. § 19-1 blir det søkt om dispensasjon frå føresegn 5 arealplanen (KMP) som seier at det ikkje skal tillatast nye byggetiltak i LNF-område. Jf. pbl. § 19-2 blir omsøkte dispensasjon for tiltaket godkjent.

Grunngjeving:

Tiltaket vil bety ei ny erstattande hytte på eit allereie bebygd festepunkt. Forutan ei lita redskapsbod vil både fotavtrykk og hytteplassering forbli uendra. Hytta vil ha tilkomst via etablert opptåraka tursti. Tiltaket vil gi minimalt inngrep på naturmangfold.

Jf. pbl. § 33-1 skal det betalast saksbehandlingsgebyr, jamfør kommunens gjeldande gebyrregulativ.

062/26: Motorferdsel i utmark og vassdrag

Kommunedirektøren si innstilling:

Motorferdsel i utmark er forbudt etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag § 3. Dispensasjon kan kun gis dersom det foreligger særlige grunner, jf. § 6.

Kommunen har ved opprinnelig vedtak lagt til grunn at det foreligger et delvis dokumentert transportbehov som kan begrunne dispensasjon, men at omsøkt omfang må begrenses.

Ved klagebehandlingen er det foretatt en ny vurdering av om det foreligger grunnlag for å utvide antall tillatte turer fra 100 til 140.

Klagen tas ikke til følge. Kommunens vedtak av 28.04.2026 - sak: 032/26

- opprettholdes, slik at det gis tillatelse til motorferdsel i utmark begrenset til **100 enkelt turer**. Klagesaka skal videresendast statsforvaltaren for endelig avgjørelse. Jf fv 33.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 25.06.2026

Saka vart drøfta og spørsmål vart svart ut.

Forslag frå Karoline Slinning (AP)

Sula Arbeidarparti foreslår at klagen tas til følge.

Tillatelsen til kjøring i vonløypa justeres til 140 turer, i tråd med den opprinnelige søknaden.

Begrunnelse:

Sula Arbeidarparti mener at spørsmål knyttet til motorisert ferdsel i fjellet må behandles i et helhetlig perspektiv. Dette innebærer at omfang og regulering av slik aktivitet bør vurderes samlet, som en del av kommunens arealplanarbeid.

Å gjøre enkeltvis politiske vedtak som innebærer innstramninger eller endringer i eksisterende praksis før en helhetlig plan er på plass, kan føre til uforutsigbarhet og ulik behandling av aktører.

Videre vil Sula Arbeiderparti understreke at frivilligheten er en viktig bærebjelke i lokalsamfunnet. Politiske beslutninger som påfører negative konsekvenser for frivillige lag og organisasjoner bør derfor unngås før det foreligger en grundig, helhetlig vurdering gjennom arealplanen.

Inntil en slik plan er ferdigstilt, mener Sula Arbeiderparti det er riktig å legge den opprinnelige søknaden til grunn.

Karoline Slinning (AP) sitt forslag vart satt opp mot kommunedirektøren sitt forslag.

Karoline Slinning (AP) sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

Endre til Plan og miljøutvalet i vedtaket der det står Arbeiderpartiet.

PM - 062/26 Vedtak:

Plan og miljøutvalet tar klagen til følge.

Tillatelsen til kjøring i vonløypa justeres til 140 turer, i tråd med den opprinnelige søknaden.

Begrunnelse:

Plan- og miljøutvalet mener at spørsmål knyttet til motorisert ferdsel i fjellet må behandles i et helhetlig perspektiv. Dette innebærer at omfang og regulering av slik aktivitet bør vurderes samlet, som en del av kommunens arealplanarbeid.

Å gjøre enkeltvis politiske vedtak som innebærer innstramninger eller endringer i eksisterende praksis før en helhetlig plan er på plass, kan føre til uforutsigbarhet og ulik behandling av aktører.

Videre vil plan- og miljøutvalet understreke at frivilligheten er en viktig bærebjelke i lokalsamfunnet. Politiske beslutninger som påfører negative konsekvenser for frivillige lag og organisasjoner bør derfor unngås før det foreligger en grundig, helhetlig vurdering gjennom arealplanen.

Inntil en slik plan er ferdigstilt, mener plan- og miljøutvalet det er riktig å legge den opprinnelige søknaden til grunn.

063/26: Søknad om generell tillatelse til kjøring med ATV i utmark i Sula Kommune.

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i § 6 i motorferdsellova vert det gitt dispensasjon til Langevåg Røde Kors for bruk av ATV i samband med opplæring og trening av sjåførar.

Dispensasjonen vert gitt på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen gjeld opplæring og trening av ATV-sjåførar tilknytt Langevåg Røde Kors.
2. Det kan gjennomførast inntil **20 turar** i dispensasjonsperioden.
3. Dispensasjonen gjeld for perioden 25.06.2026 til 31.12.2026.
4. Køytinga skal avgrensast til det som er nødvendig for opplæringsføremålet og kjøring til røde kors hytta ved behov
5. Det skal takast særleg omsyn til naturmiljø, dyreliv, beitedyr og allment friluftsliv.
6. Køyting skal ikkje skje på ein måte som fører til unødige terrengskadar. Eventuelle skadar som følgje av ferdselen skal rettast opp innan rimeleg tid.
7. Det skal førast køyrebok med dato, føremål og tal på turar.
8. Dispensasjonen skal medbringast under køyting og visast fram ved eventuell kontroll.
9. Dersom ferdselen krev samtykke frå grunneigar, er søkjar ansvarleg for å innhente slikt samtykke før ferdsel tek til.
10. Motorisert ferdsel skal i størst mogleg grad unngåast på store utfartsdagar.
11. Ferdselen skal som hovudregel følgje traséane/stiane. På vinterstid kan traséen justerast i samsvar med snø- og føreforhold.

Sula kommunestyre / formannskap vedtek at ...

Behandling i Plan- og miljøutvalet 25.06.2026

Saka vart drøfta og spørsmål vart svart ut.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 063/26 Vedtak:

Med heimel i § 6 i motorferdsellova vert det gitt dispensasjon til Langevåg Røde Kors for bruk av ATV i samband med opplæring og trening av sjåførar.

Dispensasjonen vert gitt på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen gjeld opplæring og trening av ATV-sjåførar tilknytt Langevåg Røde Kors.
2. Det kan gjennomførast inntil **20 turar** i dispensasjonsperioden.
3. Dispensasjonen gjeld for perioden 25.06.2026 til 31.12.2026.
4. Køyringa skal avgrensast til det som er nødvendig for opplæringsføremålet og kjøring til røde kors hytta ved behov
5. Det skal takast særleg omsyn til naturmiljø, dyreliv, beitedyr og allment friluftsliv.
6. Køyring skal ikkje skje på ein måte som fører til unødige terrengskadar. Eventuelle skadar som følgje av ferdsele skal rettast opp innan rimeleg tid.
7. Det skal førast køyrebok med dato, føremål og tal på turar.
8. Dispensasjonen skal medbringast under køyring og visast fram ved eventuell kontroll.
9. Dersom ferdsele krev samtykke frå grunneigar, er søkjar ansvarleg for å innhente slikt samtykke før ferdsel tek til.
10. Motorisert ferdsel skal i størst mogleg grad unngåast på store utfartsdagar.
11. Ferdsele skal som hovudregel følgje traséane/stiane. På vinterstid kan traséen justerast i samsvar med snø- og føreforhold.

064/26: Delegerte saker

Delegerte saker vert tatt til vitande slik dei ligg føre.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 25.06.2026

Delegerte saker:

071/26	<i>Gnr 109 bnr 95 - Daniel Melsbø - Vedtak for tilbygg - veranda</i>
072/26	<i>Gnr 90 bnr 17 - Vedtak - Skorsteinsrehabilitering</i>
073/26	<i>Gnr 109 bnr 426 - Jan Ola Holen - Vedtak for garasje tilbygg</i>
074/26	<i>Gnr 109 bnr 380 - Igangsettingsløyve Del I - Pumpestasjon og leidningsnett</i>
075/26	<i>Gnr 74 bnr 87 - Per Øyvind Skotheimsvik - Vedtak for bruksendring</i>
076/26	<i>Gnr 90 bnr 3 - Vedtak for fradeling av bustadtomt</i>
077/26	<i>Gnr 65 bnr 191 Snr 2 - Kristine Stafseth Isaksen - Vedtak - Endring av bustadbygg og bod</i>
078/26	<i>Gnr 92 bnr 49 - Vedtak - Påbygg på naust - Dispensasjon</i>
079/26	<i>Gnr 99 bnr 92 - Vedtak for ombygging av bustadhus - Dispensasjon</i>
080/26	<i>Gnr 93 bnr 43 - Otto Stein Eriksson - Vedtak for flytebrygge</i>
081/26	<i>Gnr 92 bnr 78 - Cflow AS - Vedtak for tiltak på næringsbygg</i>
082/26	<i>Gnr 61 bnr 211 - Vedtak - Riving av bygg</i>
083/26	<i>Gnr 61 bnr 59 - Sebastian Sunde - Vedtak - Oppføring av bustadhus - Dispensasjon</i>
084/26	<i>Gnr 58 bnr 6 - Vedtak - Rammeløyve - Kongshaug-Hamnevik</i>

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 064/26 Vedtak:

Delegerte saker vert tatt til vitande slik dei ligg føre.

065/26: Eventuelt - spørsmål - orienteringar

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 25.06.2026

Spørsmål innsendt til møtet:

Spørsmål i møtet:

Kjell-Petter: Brannbåten har taua på forlist båt. Det er ikkje godkjent utstyr på brannbåten til slikt arbeid og oppmodar om at tilsette som er i båten følger godkjende retningslinjer.

PM - 065/26 Vedtak:

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

066/26: Arbeidsmøte Arealplan

Behandling i Plan- og miljøutvalet 25.06.2026

Saka vart oppretta i møte.

Dette var eit arbeidsmøte i lag med Formannskapet og følgande deltok:

Ordførar Turid Humlen (H), Jan-Arne Sletta (H), Nils Erik Bjørkavåg (H), Øystein Båtnes (FRP), Kjell-Petter Dyb (FRP), Bjørn-Kristian Eikrem (FRP), Jim-Arve Røssevoll (AP), Karoline A. Slinning (AP), Ingvild Molvær De Lacova (AP), Nils-Jarle Solevåg (AP), Jan-Magnar Sandvik (SUL), Elin Skeide (KRF),

Frå administrasjon:

Kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen, Einingsleiar Terje Havnegjerde, Rådgivar Irene Graskopf, Cecilie Solli, Karina Vestrheim, Fagleiar Per Ola Ravnå, Kommunalsjef Gunhild Fjeldvig Tørlen, Ragnhild Hanken Skjong, Torry Larsen, Rådgivar Jarl-Anders Moe, Politisk sekretariat Frode Synnes og Anne Lise Engkrog Salen.

Agenda:

Tema 1: Tettstads- og bustadutvikling

Tema 2: Næringsutvikling

Tema 3: Samferdsel

Tema 4: Landbruksareal og jordvern + arealrekneskap, klimagassregnskap og planvask

Tema 5: Vågevatnet, tursti til Eltrane, massedeponi, helikopterlandingsplass

Tema 6: Ope for forslag

PM - 066/26 Vedtak:

Saka vart drøfta og innkomne innspel er lagt i saka.